



Til elevane v/Fana gymnas

Dato: 11.12.2015  
Vår ref.: 2014/10030-73  
Saksbehandlar: eliwik  
Dykkar ref.:

## Nedlegging av Fana gymnas

I politisk sak 89/15 gjorde Fylkestinget 8. desember vedtak om å legge ned Fana gymnas. Vedtakspunkt 2 og 9 inneheld formuleringar om situasjonen for dei som er elevar ved Fana gymnas i år og som skal halde fram i vidaregåande opplæring neste år.

2. Elevane ved Fana gymnas vil få eit fullgodt tilbod om utdanning i nærleiken ved Sandsli vgs, Stend vgs, Nordahl Grieg vgs, Langhaugen vgs og sentrumsskulane.
9. Fylkestinget legg til grunn at dagens 2.-klasseelevar ved Fana gymnas får gode overgangsordningar til andre skular.

Hordaland fylkeskommune ved fylkesdirektør for opplæring presiserer med dette korleis vedtaket blir følgd opp:

- Elevar som går i Vg2 ved Fana gymnas skuleåret 2015-2016, vil få tilbod om skoleplass på Vg3 ved Nordahl Grieg vidaregåande skole skuleåret 2016-2017. Dei som ikkje ynskjer å nytte seg av tilbodet, kan konkurrere om inntak til Vg3 på andre vidaregåande skular i Hordaland.
- Elevar som går i Vg1 ved Fana gymnas skuleåret 2015-2016, må søkje skoleplass på Vg2 skuleåret 2016-2017 på vanleg måte. Lokal inntaksforskrift § 4-2 seier dette om grunnlaget for inntak: *Inntaket vert gjort på bakgrunn av karakterpoeng for kompetansejevande kurs. Ved innsøking til Vg2 vert karakter frå Vg1 lagt til grunn.*

Svein Leidulf Heggheim  
fylkesdirektør opplæring

Nils Skavhellen  
inntaksleiar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*